

Vil føreslå alternativ til Ap/Høgre-ekteskap**19.09.2011**

Kampen om den politiske makta i Kvinnherad etter kommunestyrevalet sist mandag, ser i ettermiddag ikkje ut til å vera avgjort sjølv om Ap og Høgre laurdag inngjekk intensjonsavtale, der Leif Sverre Enes var utpeika til ordførar.

Seinare har det blitt jobba intenst for å finna ei anna løysing, og først i kveld får vi vita om dei to partia held fram forhandlingane eller om det blir ein annan allianse.

Kvinnheringen skriv i dag at fleire parti i helga har arbeidd for å sy saman eit nytt tilbod til Arbeidarpartiet. Det er meininga at dette skal liggja føre skriftleg før partigruppene kjem saman til møte klokka 17 i ettermiddag.

HusnesNett kjenner til at det er Frp, Venstre og Senterpartiet som no prøver å bli enige seg imellom om å få Ap med i ein ny allianse. Dette vil i så fall utgjera 20 mandat i kommunestyret, og altså ha fleirtal.

Slik opplegget ser ut til å vera i timane før partia kjem saman, vil Ap få tilbod om å behalda Synnøve Solbakken som ordførar, medan Senterpartiet skal ha varaordføraren.

Av Kristian Hus
HusnesNett